

Pedagogisk - psykologisk teneste for Setesdal

avd. Valle

Valle kommune
v/asst. rådmann E. M. Kringen
4747 Valle

MOTTATT

16 NOV 2009

Valle kommune

NOU 2009: 18 RETT TIL LÆRING.

Kjem her med nokre kommentarar omkring NOU 2009:18. Du skal vel skrive det endelege høyringsuttalen så du får plukke med deg det du tykkjer er relevant. Har nok fyrst og fremst konsentrert meg om PPT - men har også nokre merknader til.

1. Det er absolutt grunn til bekymring dersom framlegget frå Midtlyngutvalet(MU) om å legge ned Sørlandet kompetansesenter((SKS)for samansette lærevanskar, vert vedteke. For små distriktskontor er denne vanskegruppa ofte ei stor utfordring. Avstandane vil verte stor for oss ute i distrikta med små PP-ktr og lange avstandar til Austlandet.
2. Dersom ein skal gjere nokon grep, kvifor ikkje heller slå saman Barne-og ungdoms-psykiatrien(BUP), Habiliteringsavd. for born og unge(HABU) og SKS. I dag jobbar dei ikkje så reint lite parallelt/ overlappende, og ei samanslåing av desse på Agder ville kunne verte eit stort fagleg løft..
3. At retten til spesialundervisning i Opplæringslova §5-1 vert erstatta av rette til ekstra tilrettelegging i opplæringa, gjev også grunn til bekymring. Særleg når kravet til sakkunnig utgreiing i stor grad(?) skal overlatast til rektor. I ein økonomisk pressa situasjon vil elevane med spesielle vanskar lett verte taparane. (Bukken og havresekken) Det må vere ein god garanti at nokon utanforståande med elles god kjennskap til barnehage/skule, vurderer dette behovet.
4. I tilknytning til pkt. 3: Det sakkunnige arbeidet krev mykje av PPT, men det gjer det også mogleg å kunne hjelpe dei som har spesielle behov. Kunne kanskje sjå om det kunne vere forenklingar ein kunne gjort, men eit grundig arbeid med tanke på enkeltvedtak må alltid liggje i botnen.
5. Det vert fleire gonger drege fram at PPT ynskjer eller bør arbeide meir systemretta, og leggje mindre vekt på individuell kartlegging. Etter mitt syn er dette noko motseiande. Før du set i gang endring av organisasjonen/systemet må du vite kva behovet er, dvs kva for vanske/-ar barnet/eleven slit med. Type vanskar vil ofte avgjere kva for tiltak/endringar som er fornuftige. Dette vert som regel grundig drøfta med skule/barnehage.
6. Det er mange ulike modellar for korleis kommunane organiserer PPT. Vil ein ha ei einskapleg teneste over heile landet bør det m.a. seiast noko om plasseringa. I dag kan tenesta t.d. vere spreidd på kvar skule(t.d. underlagt rektor), vere lagt under helse og sosial, ha ein stabsfunksjon under rådmannen osv
7. Dersom omorganiseringa av Statped vert gjennomført med endå meir sentralisering vil det vere viktig med ei styrking av PPT. Det kan vere å få ein norm for kor mange elevar det bør vere pr. fagstilling. I dag er det ingen norm, og talet på fagstillingar varierer mykje frå kommune til kommune. Det bør også liggje føre retningslinjer føre utdaningskrav til dei som jobbar der.
8. Utvalet føreslår eit nasjonalt utviklingscenter for PPT, lagt inn under Utdanningsdirektoratet. Det kan vere ei fornuftig løysing, for det er behov for eit samordnande organ som kan hjelpe til å få ein meir felles standard for tenesta enn tilfellet er i dag. Førre

gonga ein prøvde dette vart organet Fagleg eining for PPT/Faglig enhet for PPT plassert under skuledirektøren i Hedmark, og organet sovna etter kvart inn.

9. MU foreslår at det vert etablert ei 5-årig kompetanseutviklingsprogram for PPT med samarbeidspartnerar. Dette er positivt. Samtak–opplegget på 90-talet var noko liknande, men ikkje særleg vellykka. Kvaliteten på undervisninga var for ujamn, ikkje minst fordi ”samarbeidspartnerane” ikkje hadde same faglege bakgrunn/kompetanse som PPT. Det faglege nivået vart difor jekka ned nokre hakk slik at utbytte for tilsette i PPT var svært varierende. Denne fellen bør ein ikkje gå i ein gong til!

Valle, 14. november 2009


Olav T. Åkre
kontorleiar